



Musikkens Venner Nordhordland (MVNH)

Årsmelding for 2018

Årsmøtet for driftsåret 2017 vart halde 18.02.2018 i Alversund kyrkjelydshus.
Valnemnda sitt framlegg til val av styre vart samrøystes vedteke.

- a) Leiar (2 år):
Einar Vatne (ikkje på val)

- b) Styremedlemmar (2 år):
Oddmund Solheim – ny
Kåre Malvin Bjørkheim – ny
Katrine Golten Tvedt (ikkje på val)
Gunn Melgård Aase (ikkje på val)

- c) Varamedlemmar (1 år) :
1 Inge Alver
2 Anne Margrethe Gjertsen
3 Gunnar Hageberg

- d) Revisor (2 år):
Oddvar Sundsbø (ikkje på val)
Rune Brundtland – ny

- e) Valnemnd (2 år):
Kristine Fluge (ikkje på val)
Jarle Hodnekvam – ny

I styremøtet 28.02.2018 konstituerte styret seg som følgjer:

Leiar – Einar Vatne
Nestleiar og kasserar – Katrine Golten Tvedt.
Skrivar – Gunn Melgård Aase
Medlem – Kåre Bjørkheim
Medlem – Oddmund Solheim
1.vara -Inge Alver – møter fast i styret

- Styret har hatt 8 møter og handsama 51 saker i året som gjekk.
- Musikkens Venner Nordhordland har i 2018 arrangert 5 konsertar.
- I tillegg vart det arrangert medlemstur med konsert til Hardanger og Rosendal.
- Totalt antal besøkjande på arrangementa i 2018 var 651.
- Medlemtalet pr 31.12.2018 er 171. (herunder ein del familiemedlemskap)

Arrangement i 2018.

<p>18.02.18</p>	<p>Årsmøtekonsernten. Alversund Kyrkjelydshus.</p> <p>Melissa Baug (sopran) og Martha Berit Belt (piano)</p> <p>Romansar av Richard Strauss, Edvard Grieg, Franz Schubert og Antonín Dvorák. Stykker for solo klaver av Edvard Grieg.</p> <p>69 tilhøyrarar.</p>	
<p>22.04.18</p>	<p>Musikalske møter mellom Mozart og Grieg Ragnhild Gudbrandsen (opplesning) Øyvind Aase (piano)</p> <p>Griegs <i>Bergljot</i> framført for første gang i Nordhordland i duoutgåve.</p> <p>Musikk av Mozart og Grieg bunde saman av tekstar av Grieg</p> <p>29 tilhøyrarar.</p>	
<p>20.05.18</p>	<p>Medlemstur til Hardanger og Rosendal</p> <p>Turen var vellukka og deltakarane nøgde – fin tur og fin konsert med Engegårdskvartetten.</p> <p>43 deltakarar.</p>	
<p>24.08.18</p>	<p>Nordic Tenors I samarbeid med Knarvikmila.</p> <p>Ein godt gjennomført konsert og mange gode tilbakemeldingar.</p> <p>428 tilhøyrarar.</p>	

<p>04.09.18</p>	<p>Edvard Grieg piano competition</p> <p>Ein flott konsert med gode solistar og variert repertoar.</p> <p>53 tilhøyrarar</p>	
<p>21.09.18</p>	<p>Migrasjon</p> <p>Reidun Horvei (song, forteljing), Per Inge Hove (trøorgel), Øyvind Lyslo (strenginstrument)</p> <p>Ei gripande forteljing om utvandringa til Amerika for 150 år sidan og korleis det er aktuelt òg i dag.</p> <p>29 tilhøyrarar.</p>	

Økonomi: MVNH har god økonomi. Vi har ein stor medlemsmasse som gjennom medlemskontingenten gjev oss viktige inntekter på kr. 30.900,-. Vidare har laget m.a. fått kulturmidlar frå Lindås kommune kr. 16.000,- og Meland kommune kr. 15.000,-. Innskudd i bank pr. 31.12.2018 er kr. 286.980,-.

Facebook: Musikkens Venner Nordhordland informerer om aktivitetane på Facebooksida: [Musikkens Venner Nordhordland](#), og med epost til medlemmene.

Styret vonar at medlemmene vil støtta godt opp om Musikkens Venner Nordhordland slik at vi kan gjennomføra eit godt konsertprogram også i 2019.

Knarvik, 14.01.2018

Einar Vatne (s)

Katrine Golten Tvedt (s)

Oddmund Solheim (s)

Kåre Bjørkheim (s)

Gunn Melgård Aase (s)